

## Kløyvd infinitiv i dei norske skriftnormalane

Ernst Håkon Jahr

### *Innleiing*

I Noreg har vi hatt ein lang tradisjon med språkplanlegging. Gjennom heile 1900-talet blei dei to skriftnormalane, som var resultat av språkpolitikken på 1800-talet – landsmål/nynorsk og riksmål/bokmål – endra drastisk. I det 20. hundreåret blei det gjennomført større og mindre språkreformar i åra 1901, 1910, 1917, 1938, 1959 og 1981.

I den første reforma i det 21. hundreåret, bokmålsreforma i 2005, blei ein god del former tatt ut av normalen ettersom dei, slik det blei hevda, var ”lite brukte”. Ei slik form var ”dobbel” eller ”kløyvd” infinitiv, dvs. at nokre verb i infinitiv endar på -a (*vera, gjera, lesa, leva, eta, vita, sova* osv.), men dei fleste endar på -e (*kaste, skrive, møte, bygge* osv.).

Grunnlaget for denne infinitivsforma finn vi i målføre på Austlandet og i Trøndelag, og fordelinga mellom -a og -e grunnar seg i hovudsak på kvantitetstilhøve i norrønt: -a finn vi i verb som hadde kort rotstaving, -e i verb med lang rotstaving. Mange stader, særleg i trøndersk, er det sterk utjamning mellom rotvokal og endevokal. Her finn vi former som *vårrå, våttå* for *vera, vita*, og også gjerne apokope i staden for e-ending (å *kast'*, å *skriv'*).

Grunnlag i norsk talemål har vori ein underliggjande føresetnad for at nye språkformer har kunna koma inn i skriftnormalane. Dei dialektane som tradisjonelt har kløyvd infinitiv, samlar eit folkefleirtal i landet bak seg. Derfor blei denne infinitivsforma introdusert i båe mål i reforma i 1938, med den tanken at ein kanskje her hadde eit kompromiss som kunne bidra til ei samling av dei to skriftmåla.

I denne artikkelen skal eg sjå på historia til kløyvd infinitiv i dei norske skriftnormalane landsmål/nynorsk og riksmål/bokmål. (Namnet på skriftnormalane var ”landsmål” og ”riksmål” fram til 1929, seinare ”nynorsk” og ”bokmål”. Her bruker eg likevel *nynorsk* og *bokmål* gjennomført.)

### *Ein ukorrekt påstand om kløyvd infinitiv i nynorsk*

Først vil eg korrigere ein feilaktig påstand som hyppig blir gjentatt i språkhistoriske framstillingar. Det var med reforma i 1938 at kløyvd infinitiv første gong kom inn i dei norske skriftnormalane. I mange framstillingar kan ein finne den ukorrekte påstanden at forma blei innført i nynorsk i 1917. Det er såleis feil når det i Haugen (1968:102) står dette: ”I lm. [d.e. landsmål] var kløyvd infinitiv jamstilt siden 1917.” Men Haugen (1968) er ei omsetjing til norsk av Haugen (1966). I originalversjonen frå 1966 står det heilt korrekt om dette når Haugen der skriv om framlegget til ny språkreform på 1930-talet: ”None of these forms [= kløyvd inf.] had ever been official in either language” (Haugen 1966:127). Her har altså omsetjaren lagt til noko som er ukorrekt!

Ettersom mange forfattarar som skriv om nyare norsk språkhistorie, meir skriv av etter kvarandre enn forskar sjølv, har slike feil ein lei tendens til å bli kopiert og gjentatt frå framstilling til framstilling. Såleis har Vinje (1973:250) same feilen som vi finn i Haugen (1968). I Wangensteen (1997:14) finn vi denne påstanden: ”Kløyvd infinitiv ble [i 1938] sideform også i bokmål, f.eks. *lesa, kjøre*.” Wangensteens formulering ”også i bokmål” må bety at han meiner kløyvd infinitiv blei sideform i nynorsk i 1938, eller var det frå før. Det er altså ikkje korrekt. Det riktige er at i 1938

blei kløyvd infinitiv jamstilt hovudform i nynorsk, ikkje sideform, men ganske riktig sideform i bokmål.

#### *Prinsippet om dobbeltformer i skriftnormalane*

Parallele former i dei norske skriftnormalane er ein konsekvens av den språkpolitiske utviklinga vi hadde på 1800-talet. Knud Knudsen (1812–95) si fornorskinglinje måtte nødvendigvis føre til det. Ivar Aasen (1813–96) var derimot eigentleg prinsipiell motstandar av eit system med parallellformer. Når det likevel etter kvart kom mange dobbeltformer inn i nynorsken, hang det saman med normeringspolitikken på 1900-talet, ikkje minst med ei dialektgeografisk utviding av nynorsknormalen. Når måltilfang frå stadig større område i landet skulle få plass i normalen, blei mange parallellformer resultatet.

Sjølve prinsippet om parallellformer fekk vi i 1893 da Kyrkje- og undervisningsdepartementet godkjende ein del former i Nordahl Rolfsens lesebok (1892) som brukande i dei skriftlege arbeida til elevane i skolen. Desse formene blei ikkje tillatne i lærebøkene. Etter 1938-systemet (jf. nedanfor) kan vi seia at dei blei ”sideformer”.

#### *Midlandsnormalen som ”side-normal”*

Ei prinsipiell anna form for ”sideform” fekk vi i nynorsk i 1901. Den såkalla ”Hægstad-normalen” blei da fastsett som hovudnormal. Men ei heil samling former, den såkalla ”midlandsnormalen”, blei godkjend ved sida av, ”etla til bruk i folkeskolen i byar eller bygder som maatte ynskja det”. Heile midlandsnormalen blei såleis ”sideform”, eller betre: ”side-normal”.

I *Framlegg til skrivereglar for landsmaale i skularne* (Hægstad, Garborg & Flo 1899), som låg til grunn her, hadde det vori eit fleirtal og eit mindretal. Professor Marius Hægstad (1850–1927) utgjorde mindretalet, mens diktaren Arne Garborg (1851–1924) og filologen og redaktøren Rasmus Flo (1851–1905) var fleirtalet. Og fleirtalet ville ha midlandsnormalen slått fast som norm for nynorsken. Hægstad stod for ein meir varsam revisjon av Aasen-normalen. Departementet var samd med mindretalet. Hægstad-normalen (1901) førte vidare a-infinitiv frå Aasen. Hægstad åtvare sterkt mot å innføre kløyvd infinitiv: ”Aa føra inn i infin. ulike endingar (nokre med -a og nokre med -e) vilde visseleg have til fylgja ei endelaus røra.” Grunnen var at kløyvd infinitiv dels ville bli altfor vanskeleg for alle dei som ikkje hadde han i sitt talemål, dels at sjølve systemet varierte frå dialekt til dialekt. Det var ikkje fast frå stad til stad kva for verb som hadde -a, og kva for verb som hadde -e.

I midlandsnormalen, som bygde på fjellbygdmåla midt i landet (jf. Flo 1906), var likevel kløyvd infinitiv eit viktig trekk. I og med at heile midlandsnormalen kunne bli tatt i bruk av skolar og skoleelevar, blei kløyvd infinitiv såleis også ei mogleg skriftform, men da berre om ein valde å bruke heile denne alternative normalen. Det er ikkje, det eg veit, undersøkt om nokon skolar i det heile valde denne forma for nynorsk. Men Arne Garborg førte konsekvent bøkene sine over til midlandsnormalen, også *Skriftir i samling*, og i skjønnlitteraturen kom midlandsnormalen, og dermed kløyvd infinitiv, til å spela ei viss rolle etter 1901. Steinar Schjøtt (1844–1920) brukte han i si Snorre-omsetjinga frå 1900.

#### *Det Norske Teatret*

Eit solid feste fekk kløyvd infinitiv ved Det Norske Teatret, som blei etablert i hovudstaden i 1913. Arne Garborg og kona Hulda (1862–1934) var ansvarlege for målføringa der dei første åra, og dei la midlandsnormalen til grunn, og med den også

bruk av kløyvd infinitiv. Seinare, i 1920-åra og utetter, blei det gradvis ei tilnærming til det som viste seg å bli hovudutviklinga i skriftleg nynorsk, nemleg Hægstad-normalen fram til 1917, deretter nynorsk med ”obligatoriske” former frå 1917 og fram mot 1938 (jf. Jahr 1992a:129). Men trass i det blei teatret å halde fast ved kløyvd infinitiv. Så seint som på slutten av 1980-talet melde professor Leif Mæhle, som da var ”målrettar”, at dei framleis heldt fast ved kløyvd infinitiv (Jahr 1992b:59). Éin grunn til det var at mange av skodespelarane kom frå Austlandet, og dei kjende da dette måldraget frå heimemålet sitt.

#### *Komitearbeid før reforma i 1917*

I denne framstillinga er vi likevel mest opptatte av skriftmål, og skal derfor no vende tilbake til skriftnormalane, og bruken av kløyvd infinitiv i dei. Vi kan da gjera eit hopp fram til den komiteen som arbeidde med å førebu det som skulle bli språkreforma i 1917, den første reforma som omfatta både bokmål og nynorsk.

Eigentleg var det to komitear, men den første blei oppløyst i 1916 da formannen, professor Alf Torp (f. 1853), døydde. Professor Hjalmar Falk (1859–1928) blei så ny leiar, og dessutan kom Didrik Arup Seip (1884–1963) med som ein svært aktiv medlem av komiteen. Seip blei ein viktig pådrivar for å få typisk austlandske folkemålformer med i både nynorsk og bokmål. På den måten ville ein kunne få dei to normalane nærmare kvarandre. Det endelege målet, som ein kompakt majoritet i Stortinget no stod bak, var at ein skulle få eitt skriftspråk i Noreg. Dette framtidige felles skriftspråket blei omtalt som ”samnorsk”.

#### *Austlandet med språkkrav*

I Seip (1916) finn vi dei krava til endringar i skriftnormalane som særleg kunne motiverast ut frå austlandske målføre. Seip framførte desse krava første gong i eit møte i Det Norske Studentersamfund i oktober 1916 på vegne av den språkrørsla som blei organisert det året, Østlandsk reisning. (Om denne rørsla, sjå Jahr 1978.) Seip set fram fem konkrete krav til endring av riksmålet og seks til landsmålet. I vår samanheng her kan vi merke oss at han for nynorsk set fram eit krav om e-infinitiv ved sida av a-infinitiv, men hevdar at kløyvd infinitiv etter austnorske reglar ville vera ”for vanskelig” for vestlendingen. (Seip 1916:14.)

#### *Målbladet Bonden på Lillehammer*

Skolemannen, forfattaren og redaktøren Stefan Frich (1844–1927) i målbladet *Bonden*, som kom ut på Lillehammer kvar veke, kommenterte i ein lang artikkelserie i januar og februar 1917 dei krava Seip hadde framført i Studentersamfundet (og seinare publiserte i bokform, Seip 1916). Her skal vi sjå på Frichs kommentarar til det fjerde kravet Seip stilte til nynorsken. Det galdt infinitivsforma, og kravet var altså at e-infinitiv måtte godkjennast ved sida av a-infinitiv.

Stefan Frich skreiv at han ikkje forstod dette kravet. Kravet burde ha vori å få kløyvd infinitiv godkjend, hevda han, for det er ”minst tvo tredjepartar av landsfolke i Norge som held seg til dette”. Det var ei stor sak dette, meinte Frich, som sjølv var frå Ørsta på Sunnmøre, men hadde heile arbeidslivet sitt på Austlandet. Å innføre berre e-infinitiv i staden for a-infinitiv ville ta ”burt mykje av grunntonen i maale vaart”, og gjera ”orda so underleg daue og fargelause. Det er eit karaktermerke dette med dei tvo infinitivsendingane, som skil det ut fraa det danske med sitt e og det svenske med sitt a.” (Alle sitat frå *Bonden* 21.2.17.)

#### *”Oprop om norsk retskrivning” og 1917-reforma*

”Oprop om norsk rettskrivning” frå *Nemda for Østlandsk reisning* i desember 1917, samstundes med at rettskrivingskomiteen la fram innstillinga si for regjeringa (oppropet er referert i dagsavisa *Tidens Tegn* 16.12.17), hadde med eit krav om at nynorsk måtte godkjenne e-infinitiv.

Oppropet blei referert i fleire aviser. I *Bonden* sette Stefan Frich oppropet på første side og kommenterte at dette var ”eit varsku til heile det norske folke um at vi no held paa aa staa ved eit vendepunkt i maalstriden vaar” (*Bonden*, 19.12.17). Frich støtta krava i oppropet fullt ut, men når det galdt kravet til nynorsk om infinitiv på -e, omtolka han det slik: ”Sjòlsagt daa baade paa 'e' og 'a' etter vanlegt austlandsbruk” (sm.st.).

Her er vi ved eit viktig indisium på at heile oppropet var meint som ei støtte til innhaldet i det framlegget frå rettskrivingskomiteen som var levert departement og regjering, men ikkje kjent offentleg enno. Da regjeringa 21.12.17, berre 12 dagar etter at innstillinga var levert, fastsette at hovudinnhaldet i denne innstillinga for framtida skulle leggjast til grunn for norsk skriftspråkutvikling, var nettopp oppropet frå Østlandsk reisning noko regjeringa viste til og motiverte vedtaket sitt med.

Målkrav som einsidig skulle vera dikterte ut frå austlandsmåla, kunne vanskeleg unngå å ta med eit krav om kløyvd infinitiv. Frich tar det som sjòlvsagt at oppropet var slik meint, men det er neppe tilfellet. Også her fell nemleg oppropet saman med innstillinga frå rettskrivingskomiteen, som meinte at kløyvd infinitiv var utelukka fordi han var for vanskeleg å gjennomføre. (”Indstilling 1917”, s. 65.)

#### *Kløyvd infinitiv i ny runde etter 1917*

Nemda for Østlandsk reisning tok likevel denne saka opp att eit par månader seinare. Etter at Stefan Frich i ein stor artikkel i *Bonden* 16. januar 1918 kritiserte rettskrivingskomiteen fordi han ikkje hadde gått inn for kløyvd infinitiv som valfri form i nynorsk, sendte Nemda eit brev til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om dette. Nemda bad der ”inntrængende” om at ”dette østnorske maalmerke” måtte bli tillatt ”i skolemaalet”. (Brevet er gjengitt i *Bonden*, 27.2.18.)

Brevet skilde ikkje mellom nynorsk og bokmål, men i den vidare handsaminga blei spørsmålet berre vurdert for nynorsk, ikkje for bokmål. Overfor departementet rådde professor Hægstad ”paa det bestemteste” frå å ”opta i skriftsproget den dobbelte infinitiv som valgfri form, hvorefter det [sic] ogsaa vilde kunne benyttes i skolens lærebøger” (*Bonden*, 24.4.18, Hægstad 1918). I abc-bøker måtte kløyvd infinitiv likevel kunne bli brukt, meinte Hægstad (sm.st.). Heile rettskrivingskomiteen slutta seg til Hægstads synspunkt. Departementet var samd i dette, og meldte om det i brev tilbake til Nemda for Østlandsk reisning 11. april 1918 (*Bonden*, 24.4.18).

I eit seinare tilleggsskriv til departementet skreiv komiteen at ”det ikke maa regnes for feil om elever som er vant til aa bruke dobbelt (tvedelt) infinitiv i sin tale, ogsaa anvender denne form i skriftlige besvarelser paa landsmaal” (*Bonden*, 10.1.19.). Men rettskrivingskomiteen meinte at kløyvd infinitiv ikkje burde bli brukt i lærebøker (sm.st.).

Dermed kan vi slå fast at kløyvd infinitiv frå 1919 var å sjå på som ei mogleg form å bruke for skoleelevar, men ikkje for lærebokforfattarar. Noko offisiell status i skriftnormalen hadde denne forma såleis ikkje.

Heggstad (1931:22) skriv at kløyvd infinitiv er tillatt for dei i skolen som vil bruke han, men han omtaler ukorrekt forma som ”valfri”. Ei valfri form var, som nemnt, godkjend skolebokform.

### *Fram mot ny reform 1938, Studentmållet for kløyvd infinitiv*

Ein sentral nynorskforfattar som Tarjei Vesaas (1897–1970) brukte kløyvd infinitiv i samsvar med eige talemål (frå Vest-Telemark) frå den første boka si (1923). Av andre sentrale nynorskbrukarar som brukte kløyvd infinitiv, kan nemnast bibelomsetjaren Alexander Seippel (1851–1938) og diktaren Olav Aukrust (1883–1929).

Likevel må vi tru at bruk av kløyvd infinitiv var relativt sjeldan å finne i nynorske publikasjonar mellom 1917 og 1938. Om det var ein skilde elevar som valde å bruke han, kan det knapt ha vori mange. Derfor er det ikkje uventa at han ikkje er med i den ”Tilråding” om ny språkreform som blei lagt fram i 1935.

Rettskrivingsnemnda av 1934 rørte i det heile ikkje ved reglane for infinitiv.

Studentmållet i Oslo kom da med eit framlegg om å innføre kløyvd infinitiv. Til støtte for dette forslaget refererte Studentmållet til statistikk som viste at det var eit fleirtal i folket som sokna til dialektar med kløyvd infinitiv, og da var det urimeleg at denne forma ikkje var med i skriftnormalen. To av dei som stod bak dette framlegget frå studentane, Alf Hellevik (1909–2001) og Helge Sivertsen (1913–86), skulle i 1950- og 1960-åra koma til å bli svært sentrale aktørar i språknormering og språkpolitikk.

Framlegget frå Studentmållet førte til at Rettskrivingsnemnda tok saka opp til drøfting, og i ei ”Tilleggstilråding” (1936) gjorde ho framlegg om at ”kløyvd infinitiv blir tillatt i bm., uten at vi dermed vil ha uttalt noe om hvad den endelige løysing av spørsmålet kan bli” (s. 11). Nemnda delte seg på midten når det galdt nynorsk. Med formannen si dobbelrøyst gjekk dei inn for å gjera ”kløyvd infinitiv til normalform i lærebøker på nno” (sm.st.). Mindretalet ønskte at ein gjekk vidare med dei reglane som var frå 1917.

### *Professor Didrik Arup Seip grip inn*

No kasta professor Seip seg inn i diskusjonen: ”Spørsmålet om hvor utbredt den dobbelte infinitiv er i østnorsk, er blitt aktuelt ved forslaget til ny rettskriving. Man har ment at dobbelt infinitiv burde ha en plass i begge våre skriftmål” (1938:82). Seip, som fullt ut sjølv brukte befolkningsstatistikk som eit viktig argument i språknormeringsspørsmål (Jahr 1992c:140), var ikkje nøgd med den statistikken som Studentmållet hadde presentert. Det var ikkje fullt så stor del av folket som sokna til mål med kløyvd infinitiv, meinte han. Dessutan var variasjonen målføra imellom så stor at det var uråd å setja opp fullgode reglar for bruken. Derfor var framlegget om kløyvd infinitiv i skriftnormalane ubrukeleg (Seip 1938:102).

### *Reforma i 1938, kløyvd infinitiv inn i båe mål*

Innvendingane frå professor Seip blei det likevel ikkje tatt omsyn til. I dei reglane for ny rettskriving som styresmaktene sendte ut i september 1938, blei det såleis slått fast at kløyvd infinitiv skulle vera brukande både i bokmål og nynorsk.

I bokmål blei kløyvd infinitiv sideform, i nynorsk jamstilt hovudform. Hovudforma i bokmål skulle var e-infinitiv. Den andre jamstilte hovudforma i nynorsk var a-infinitiv, med e-infinitiv som sideform.

For bokmål heitte det at ein som sideform kunne bruke kløyvd infinitiv ”i samsvar med forholdet i østnorsk folkemål: *kaste*, men *fara*”. Men ettersom bruken av -a og -e varierte ein del frå målføre til målføre, burde ein ”i skriftlig bruk (...) følge den dialekten en kjenner”. Departementet forsøkte seg riktig nok med å stille opp visse reglar for kva for verb som skulle ha -a når ein brukte kløyvd infinitiv, men Seip (1938b:188ff.) nærmast raljerte med desse reglane, og han påviste lett at dei ikkje var dekkande. Sideformer (også kalla ”klammeformer” fordi dei stod oppførte i ordlistene

mellom skarpe klammer: [ ]) kunne ikkje brukast i lærebøker, men skoleelevar kunne bruke dei i sine skriftlege arbeid.

Ordninga med hovudformer og sideformer var ny med reforma i 1938 (Jahr 1992a). I 1917, ved den førre språkreforma, skilde ein mellom det som kom til å bli omtalte som ”obligatoriske” og ”valfrie” former. Både obligatoriske og valfrie former kunne da nyttast i skolebøker. Ei valfri form i 1917 var ikkje ”sideform” etter systemet som blei innført i 1938. Omgrepet ”sideform”, slik det blei brukt etter 1938, fanst ikkje tidlegare, enda mange framstillingar om norsk språkhistorie ikkje skil klart nok her, og bruker t.d. ”tillatt” form eller ”sideform” om dei valfrie formene i 1917-reforma. Dei var altså skolebokformer, og dermed jamstilte former etter det systemet som blei innført med 1938-reforma.

#### *Motivet bak innføringa av kløyvd infinitiv i skriftnormalane*

Utan tvil var ideen hos dei som ønskte kløyvd infinitiv i båe mål, at kanskje kunne denne forma ein gong i framtida bli ei samlande infinitivsform i den samnorsken dei såg for seg. Da ville ein ha fått med seg litt av den tradisjonelle nynorsken (inf. på -a) og litt av bokmålet (inf. på -e), og norsk ville skilje seg både frå dansk (med berre e-inf.) og svensk (med berre a-inf.). Når så kløyvd infinitiv kunne seiast å ha folkefleirtalet bak seg, var det eit viktig tilleggsargument.

Slik skulle det likevel ikkje gå. Kløyvd infinitiv vann ikkje fram som den samlande infinitivstypen, verken i nynorsk eller i bokmål. Det hjelpte knapt at han var jamstilt hovudform i nynorsk. Ein viktig nynorskdiktar som likevel brukte kløyvd infinitiv i denne perioden, var Tor Jonsson (1916–51). Han hadde kløyvd infinitiv i talemålet sitt frå Lom i Gudbrandsdalen.

#### *Læreboknormalen 1959*

I 1950-åra, da Norsk språknemnd (etablert 1952) arbeidde med å leggja fram ein ny læreboknormal, tenkte dei først å gjera alle dei tre infinitivsformene til jamstilte i nynorsk, altså både a-, e- og kløyvd infinitiv som moglege lærebokformer. Men i 1959, da *Ny læreboknormal* blei vedtatt av Stortinget, blei løysinga at nynorsk fekk a- og e-infinitiv som jamstilte hovudformer. Kløyvd infinitiv fekk redusert status i nynorsk og blei sideform (klammeform), som han hadde vori i bokmål frå 1938. I bokmål blei det derimot inga endring i 1959, kløyvd infinitiv heldt fram som sideform (klammeform).

#### *Perioden 1959–2005*

Og slik har da systemet vori frå 1959 til 2005. Det er neppe mogleg å påstå at kløyvd infinitiv har vori ofte å sjå i aviser, blad og bøker på bokmål. Tvert om må ein nok leite både lenge og vel før ein finn noko. I skjønnlitteratur kan han dukke opp frå tid til annan, men da som eit talemålstrekk, eit dialekttrekk i direkte tale meir enn som bevisst val av ei infinitivsform i bokmål. Hos diktarar som Alf Prøysen (1914–70) og Hans Børli (1918–89), og sporadisk hos forfattarar som Roy Jacobsen (f. 1954) og Per Petterson (f. 1952) finn vi til tider bruk av kløyvd infinitiv.

Det er vel slik at svært få bokmålsbrukarar i det heile tatt har vori klar over at kløyvd infinitiv har hatt ein plass i normalen. Hanssen (1990) representerer eit forsøk på å gjera folk merksame på han, rimelegvis utan større resultat.

I nynorsk blei kløyvd infinitiv meir brukt, men likevel ikkje mykje. E-infinitiv tok etter 1959 i stor grad over som den mest brukte infinitivsforma (Hellevik 1973:4). I nynorske ordlister blei gjerne kløyvd infinitiv omtalt slik i forordet (her frå Hellevik 2005:17): ”Elevar og andre kan òg bruke kløyvd infinitiv i samsvar med målføret

sitt". Dette betyr at kva for verb som skal ha -a og -e, er det til sjuande og sist språkbrukaren sjølv som avgjer, "i samsvar med målføret sitt". Kløyvd infinitiv representerer såleis det einaste området i skriftnormalane der språkbrukaren sin intuisjon om kva som er rett, er fasit for kva som er korrekt språkbruk. Genus er eit område der det også ymsar mykje målføra imellom. Her er det likevel slått fast gjennom vedtak og offentleg autorisasjon kva for substantiv som skal vera hankjønn, hokjønn og inkjekjønn, og dette er tydeleg markert i ordlistene.

Det utvikla seg ein interessant skilnad mellom ordlistene for bokmål og ordlistene for nynorsk når det galdt kløyvd infinitiv. Etersom bokmål hadde e-infinitiv som hovudform, kunne sideforma kløyvd infinitiv bli markert tydeleg ved alle dei verba som historisk sett "skulle" ha a-ending om ein brukte denne sideforma:

sove [-a], .....

Alternativet til e-infinitiv, sideforma kløyvd infinitiv er her klart markert: [-a]. Slik var kløyvd infinitiv tydeleg til stades i ordlistene for bokmål mellom 1938 og 2005. Men slik kunne denne sideforma ikkje førast opp i ordlister for nynorsk, for her var a-infinitiv mogleg ved alle verb. Ei mogleg oppføring kunne vori slik:

sove, -a, [a/e], .....

som ville vise at e- og a-infinitiv er jamstilte hovudformer, kløyvd infinitiv sideform, og for dette verbet (*sove*) vil ein normalt bruke a-ending (*sova*) dersom ein vel å nytte kløyvd infinitiv.

Slik blei det likevel ikkje gjort for nynorsk. I staden var det ei eiga liste bak i ordlista over verb der ein historisk sett ventar a-ending ved bruk av kløyvd infinitiv. På den måten blei naturlegvis denne sideforma langt mindre synleg i nynorske ordlister enn ho var i bokmålsordlistene. Likevel er det opplagt at ho er blitt meir brukt i nynorsk enn i bokmål etter 1959.

*2005: "lite brukte" former ut av bokmålsnormalen*

I bokmål blei kløyvd infinitiv tatt ut av normalen i 2005, saman med andre former som også blei vurderte som "lite brukte". Eg har tidlegare (i Jahr 2005) vist korleis forlag effektivt sørga for at desse formene blei "lite brukte", nemleg ved å sensurere dei bort frå all bruk. Dermed blei det ein sirkel: Aviser og forlag sørga for at somme former ikkje blei brukte. Det blei så i 2005 brukt som argument for at dei var "lite brukte".

Nynorsk står no framfor ei tilsvarande reform som den bokmålet fekk i 2005. Mange vil ha ein fastare normal utan for mange dobbeltformer. Da kan nok kløyvd infinitiv vera utsett også her. Dette er likevel nynorskbrukarar slett ikkje samde om, og vi får sjå korleis det går.

*Google-søk etter kløyvd infinitiv med verb på -a*

Eit tilfeldig søk på Google 15.11.09 gir *værra* (25.500 treff), *gjørra* (23.600 treff). Når desse verba kan gi slike treff-resultat, kan ein undre seg på om dei likevel kan ha vori så lite brukte i bokmål? *Værra* og *gjørra* er rimelegvis dei skrivemåtane som flest ville ha brukt i bokmål for desse verba. Ein må spørja seg om korleis det kan ha seg at former som opplagt viser bruk av kløyvd infinitiv, er så frekvente på Internett, men omtrent aldri har dukka opp i aviser og bøker?

Nordmenn flest har i dei siste generasjonane brydd seg mindre om kva som er utanfor og kva som er innanfor dei offisielle normalane. Anten dei har vori konservative, radikale eller likegyldige i sine synspunkt på norsk språkpolitikk og språkbruk, har dei ofte gått sine egne språkveggar. I brevskrivning og no med sms-språk og internett-chatting er talemålsnær skrivning framherskande. Kanskje er soga om kløyvd infinitiv i skrift langt frå over?

## Litteraturliste

*Bonden* 1917, 1918. Lillehammer.

Flo, Rasmus 1906. *Midlandsmaal etter framlegge fraa rettskrivningsnemndi i 1899 ved Arne Garborg*. Kristiania: Olaf Norlis Forlag.

Hanssen, Eskil 1990. "Er kløyvd infinitiv en museumsgjenstand?" *Språknytt* 18, nr. 4, s. 8–9.

Haugen, Einar 1966. *Language conflict and language planning. The case of modern Norwegian*. Cambridge, Mass.: Harvard University Press.

Haugen, Einar 1968. *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Oslo: Universitetsforlaget.

Heggstad, Leiv 1931: *Norsk grammatikk*. Større utgåve. (Andre utgåva av Norsk grammatikk for skuleungdom). Oslo: Olaf Norlis Forlag.

Hellevik, Alf 1973. "Om bruken av visse skrift- og bøyingsformer i nynorsk avismål." *Språklig Samling* 14, nr. 1, s. 1–5.

Hellevik, Alf 2005. *Nynorsk ordliste*. 10. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget.

Hægstad, Marius 1918. "Utgreiing om infinitiv." *Norsk pædagogisk tidsskrift*, s. 176–182.

Hægstad, Marius; Garborg, Arne; Flo, Rasmus 1899. *Framlegg til skrivereglar for landsmaale i skularne*. Kristiania: Kirke- og undervisningsdepartementet.

"Indstilling 1917": *Indstilling fra rettskrivnings Komiteen*. Kristiania: Kirke- og undervisningsdepartementet.

Jahr, Ernst Håkon 1978. *Østlandsmåla fram! Ei bok om rørsla Østlandsk reising*. Tromsø-Oslo-Bergen: Universitetsforlaget.

Jahr, Ernst Håkon 1992a. "Om 'hovedformer', 'jamstilte former' og 'sideformer' i skriftnormalene. En historisk oversikt." I: Jahr, Ernst Håkon: *Innhogg i nyare norsk språkhistorie*. Oslo: Novus, s. 125–132.



Jahr, Ernst Håkon 1992b. ”Nynorsk normaltalemål. Eit historisk oversyn.” I: Jahr, Ernst Håkon: *Innhogg i nyare norsk språkhistorie*. Oslo: Novus, s. 47–68.

Jahr, Ernst Håkon 1992c. ”Didrik Arup Seip som språknormerer og språkpolitiker.” I: Jahr, Ernst Håkon: *Innhogg i nyare norsk språkhistorie*. Oslo: Novus, s. 133–143.

Jahr, Ernst Håkon 2005. ”Artikkelen 'Tove Bull' i Norsk Biografisk Leksikon i ein språkstridskontekst – som døme på 'fri sprogutvikling' og “mindre brukte former i bokmål”. I: Alhaug, Gulbrand, Mørck, Endre, og Pedersen, Aud-Kirsti (red.): *Mot rikare mål å trå. Festskrift til Tove Bull*. Oslo: Novus, 1–4.

Seip, Didrik Arup 1916. *Østlandsk reisning. Norsk samling. To taler*. Kristiania.

Seip, Didrik Arup 1938a. ”Om infinitiv i østnorsk.” *Maal og Minne* 1938, s. 81–108.

Seip, Didrik Arup 1938b. ”Tillegg til 'Om infinitiv i østnorsk'.” *Maal og Minne* 1938, s. 184–191.

Studentmållaget Oslo, Rettskrivningsnemnda 1936: *Merknader til Tilråding om ny rettskrivning fra den Departementale rettskrivningsnevnd av 1934*. Oslo: Noregs Boklag.

*Tilleggstilråding om ny rettskrivning. Fra den departementale rettskrivningsnemnd av 1934*. Stavanger: Kirke- og undervisningsdepartementet, 1936.

*Tilråding om ny rettskrivning. Fra den departementale rettskrivningsnevnd av 1934*. Trondheim: Kirke- og undervisningsdepartementet, 1935.

Vinje, Finn-Erik 1973. *Et språk i utvikling*. (2. utg. 1978.) Oslo: Aschehoug.

Wangensteen, Boye 1997. ”Utviklingen av bokmålet fra 1938 til i dag.” *Språknytt* nr. 1, s. 14–17, 36.